



Hordaland Byggetvikling AS
Stølen 26A
5911 Alversund

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/861 - 22/15104

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
08.03.2022

Løyve til seksjonering - gbnr 137/109 Alver

Administrativt vedtak: Saknr: 204/22

VEDTAK:

Med heimel i §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, godkjenner Alver kommune søknad om oppdeling i 28 eigarseksjonar for sameiet «Alvertoppen gnr. 137. bnr 109», på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-28 er bustadseksjonar der seksjonane har sameigebrøkar frå 46-120/2263. Seksjonane (med unntak av s 3,10,22,23,26 og 27) har tilleggsareal i form av utebodar som er plassert ulike plassar i dei 2 bygningsnummera sameiet omfattar) Seksjonsnr.11, 17, 18, 20 og 21 har kvar sine 2 eksterne bodar.

Alle bueiningane har balkongar som del av hovuddel til seksjonane.

Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre.

Alt uteareal på eigedommen er fellesareal for alle seksjonseigarane.

Parkering for alle bueiningar er fordelt på etasjane K01 og H01 i den største bygningen. Det er ikkje stilt spesifikke krav til HC i byggeløyvet.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 137/109 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Lov om eigarseksjonar §§ 16 og 17.

Saka gjeld

Kommunen har motteke søknad, datert 05.01.22, om seksjonering av eigedommen gbnr 137/109 med adressene Alvervegen 10, 12A-12F.

På eigedommen er det gitt løyve til oppføring av bustadblokk over 4 etasjar med garasjekjellar under, samt mindre bustadbygg på 2 etasjar, med til saman 8 bueiningar.

Vurdering

Søknad om seksjonering er innsendt i 2 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart som tydeleg viser eigedomsgrenser og plassering av seksjonane. Kartet er ikkje i målestokk, men kommunen vel likevel å bruka dette, då det inneheld meir informasjon om vegtilkomst og parkeringsareal enn nytt kart frå kommunen vil vise. Kommunen har påført adresser og gbnr.
- Planteikningar i A3-format (7 vedlegg) av bustadbygga, der seksjonsnummera og type rom er påskrive. Blokka (hus 1 og 2) har 5 etasjar inklusiv garasjekjellar, og bygget med 8 bueiningar har 2. etasjar. Nye teikningar er sendt inn.
- Vedtekter for sameiet Alvertoppen gnr. 137. bnr 109, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Firmaattest for eigar Hordaland byggutvikling AS
- Samtykke til seksjonering frå DNB eiendom AS er ettersendt etter forespørsel.
- Søknaden er signert av dagleg leder Arvid Rikstad som har signaturrett og har signert som heimelshavar og innsendar. Side 1 i søknad er erstatta pga endringar slik at denne er ikkje signert. Då det er same innsendar som heimelshavar skal dette vera ok - iflg tinglysingen.

Søknaden og byggteikningane har vore endra / supplert pga påføring av TB for snr 8 og 15. Siste innsending 07.03.22.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Gebyr

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 4.1.6 er gebyret for 28 seksjonar kr 28.585,- + tinglysingsgebyr kr 585,-

Regelverk

- Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/861»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om seksjonering- godkjent 080322
A1018 8. Situasjonsplan
Seksjoneringsteikningar bygg 1-3
Samtykke til tinglysing - gbnr 137/109 Alver

Mottakarar:

Hordaland Byggutvikling AS

Stølen 26A

5911 Alversund